

# AINA ISDAL HAUGLAND

**Mobilnummer**  
907 17 615

**E-postadresse**  
ainaisdal@outlook.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 09417

**Vedtaksdato**  
02.09.2022

**Vedtaket er gjort av**  
Alver kommune

**Søknadsdato**  
15.03.2022

**Vår referanse**  
2022/2465, Agros 186102

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Hellegang, lad og tilbakeføring av nyttehage**

**Samandrag:** Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 4 534 kroner i tilskot til AINA ISDAL HAUGLAND til Hellegang, lad og tilbakeføring av nyttehage. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 04.09.2023.

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2022.

### **Bakgrunn i saka**

AINA ISDAL HAUGLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 15.03.2022. Du søker om totalt 40 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 18.04.2022-04.09.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 101 500 kroner.

Det er søkt om tilskot til å sette i stand støttemur ved løe, tilbakeføre hellegang i tunet, styrke biologisk mangfold av gamle artar og tilbakeføra hagen.

Søkar overtok garden i 2018. Jorda er bortleid og i drift som beite til sau og grovfôrproduksjon.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbruksseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbruksseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbruksseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Støttemurene ved køyrebrua til løa har forfalle, manglar stein og er overgrodd. Søkar ønsker å sette i stand desse støttemurane. Søkar har og søkt om tilskot til å reetablera ein hellegang mot husveggen i tunet. For denne delen av prosjektet er det oppgitt ein kostnad på kr 90 500. Søkar har alt fått tilskot til verneverdige kulturminne på kr 20 000 frå Alver kommune til denne delen av prosjektet.

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbrukslandskapet er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukslandskapet og redusere forurensningen fra jordbrukslandskapet, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Alver kommune meiner at vedlikehold av stiar i eit gardstun normalt ikkje kan seiast å vere utover det ein kan forventa av vanleg jordbruksdrift. Vi meiner derfor at denne delen av tiltaket fell utanfor formålet med SMIL-ordninga.

Landbruksavdelinga meiner likevel at reparasjon av støttemurer til låvebrua fell innunder det som kan gjevast tilskot til gjennom SMIL-ordninga. Reparasjon av køyrebrua har ikkje noko å seie for drifta på garden, men vert gjort kun med tanke på bevaring av murane som eit kulturminne. Ein kan derfor sei at dette er utover det ein kan forvente av vanleg jordbruksdrift. Løa er forfallen og det ligg ikkje føre ein fullstendig plan for kva som skal skje med løa framover. Restaurering av støttemuranse vil likevel leggje grunnlaget for at grunnmuren vert bevart og kan nyttast.

Det kan gjevast tilskot til kulturminner og kulturmiljøer, inkludert verneverdige bygningar gjennom skjøtsel, vedlikehold og istrandsetting etter kulturminnereflege retningslinjer. Eksempler på kulturminner i tilknytning til jordbrukslandskapet er alle slags bygningar i gårdstun og i inn- og utmark, det inkluderer våningshus og driftsbygninger. Dette er skildra i "Kommentar til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbrukslandskapet" (Rundskriv 2021/18). Etter gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune er restaurering og/ eller rydding langs tørrmurar eit prioritert område. Garden ligg i eit område der muring med naturstein er ein vesentleg del av byggjeskikken og også utnytti i stort omfang som landskapsformande element. Isdal ligg innanfor omsynssone H570\_6 (bevaring av kulturmiljø) i kommuneplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Området er i tillegg vurdert til å ha regional kulturminneverdi. Landbruksavdelinga meiner på bakgrunn av dette at det er grunnlag for å prioritera denne delen av prosjektet for SMIL-midlar.

Det er søkt om tilskot til tilbakeføring av hagen med gamle arter. Alver kommune meiner at tiltak i hagen ikkje er direkte knytt til jordbrukslandskapet sitt kulturlandskap og derfor fell utanfor det ein kan gje tilskot til gjennom denne ordninga.

## Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 4 534 til restaurering av støttemurer på køyrebrua på løa på GBNR 185/5 som skildra i søkeren.

Søkar har sendt inn oppdatert kostnadsoverslag for reparasjon av støttemurane per e-post 31.08.2022. Søkar sitt kostnadsoverslag er lagt til grunn.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad (kr)
Arbeidstid handverkar 13,5 t* 585 kr/t	7898
Reise handverkar	370
Fagleg oppfølging og rapportering	800
<b>Sum kostnad</b>	<b>9068</b>
<b>Tilskot 50% av kostnad</b>	<b>4534</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 4 534 kroner i tilskot.

## Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 04.09.2023. Dersom du ikke overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikke at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slike løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaket er sett til inntil tre år fra tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Tiltaket skal utførast i tråd med antikvariske retningslinjer. Ein bør strekkja seg etter å nyta materialer, dimensjoner og handtverksteknikker i samsvar med opphaveleg utføring.

### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid
- Bilag på innkjøpt materiell/ innleigd arbeid
- Foto som syner utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 9 068 kroner. Utbetalte tilskot kan ikke overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalte tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjør om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

**Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge